



HVA MÅ GJØRES

Avisa til Norges Kommunistiske Studentforbund

Stortingsmelding nr 13 slår fast:

REGJERINGA VIL LEGGJA NED SOSIALSKULANE, VERNEPLEIESKULANE, ERGOTERAPI, MENSENDICK OG FYSIOTERAPI SOM SJØLVSTENDIGE SKULAR OG SKULESLAG. DEI SKAL INNLEMMAST I DET NYE DISTRIKTSHØGSKULESYSTEMET!

SOSIALSKULEDAGANE, der fleire hundre sosialskulestudentar var samla for å diskutera denne stortingsmeldinga, GAV DNA-REGJERINGA KLÅRT SVAR:

AVVIS HEILE STORTINGSMELDING 13 - GÅ TIL STREIK MOT MELDINGA!

"Elever ved sosialskolene har tidligere uttalt sin motstand mot Stortingsmelding 17 og Bjørnson-komiteens innstilling. Stortingsmelding 13 om organiseringen av den framtidige utdanning av sosial- og helsepersonell er nå kommet.

Meldinga går inn for innlemming av sosialskolene i Distriktshøgskolesystemet. Videre bygger den på intensjonene i Bjørnsonkomiteens innstilling på alle vesentlige punkter. Meldinga er i skarp motstrid til sosialskulestudentenes interesser. På dette grunnlag avviser vi hele Stortingsmelding 13."

Fråsegna seier til slutt: ... "vi oppfordrer alle denne meldinga vedgår, til å gå til streik mot meldinga."

St.meld.

Sosialdepartementet
13

(1976—77)

STATEN SITT HOVUDMÅL

med denne meldinga er å spara pengar på utdanninga av arbeidskrafta til helse- og sosialsektoren.

Dette er heilt i tråd med budsjettpolitikken for heile denne sektoren. Minst moglege pengar til uproduktive føremål er staten si line.

Det skal skje på to måtar:

1) "Stordrifta" i det nye Distriktshøgskulesystemet skal gje billegare utdanning. Fellesførelesingar og felles grunnutdanning for ulike fag, færre lærarar pr. student, lærarane skal brukast til undervising i heile distriktet ... Dette er døme på korleis det vil verka.

2) Arbeidskrafta skal bli meir "fleksibel".

Med kortare grunnutdanning t.d. på assistentnivå og omskoleringskurs kan arbeidskrafta brukast der det er akutte behov. Det nye namnet på omskoleringskurs er "tilvalsfag" til grunnutdanninga.

For studentane og lærarane fører dette til hardare arbeidsvilkår og hardare arbeidspress. Klasseundervising blir i stor grad bytt ut med

store førelesingar. Innafor det nye Distriktshøgskulesystemet blir det svært mange studentar og færre lærarar i høve til studenttalet på sosialskulane. Vegleinga blir dårlegare. Ved oppsplitting i fleir eksamenar blir eksamenspresset hardare.

Praksisen skal skjerast ned og i beste fall koma som eit tillegg etter utdanninga, som ei turnus-teneste. Dette vil gje dårlegare innsikt i og oversikt over dei problema ein skal arbeida med.

Den vanskelege arbeidssituasjonen innafor helse og sosialsektoren vil bli enno vanskalegare.

Dette rammar også dei som skal bruka dei ulike tenastene innafor denne sektoren.

Staten vonar på billeg og "lojal" arbeidskraft - vi må møte denne folkefiendlege helse- og sosialpolitikken med kamp.

Utdanninga skal DIKTERAST GJENNOM DEI REGIONALE STYRA.

I desse er fleirtalet "samfunnsrepresentantar" (dvs. frå stat, fylke og bedriftsleiing). Studentane og lærarane har to representantar kvar som sit som gissel i styra. Staten sin representant kan anka avgjerder han er usamd i inn for Kyrkje- og undervisningsdepartementet, der blir så saka avgjort. KUD kan krevja å få godkjenna/forkasta studentane sin representant.

Svært mange lærarskular, sosialskular og DH-skular boykottar desse styra.

Staten sin taktikk:
NEDLEGGING OG SNIKINNFØRING.

Staten vil nytta begge desse metodane for å få innført den nye utdanninga.

Eit døme på direkte nedlegging kan vi tenkja oss i samband med at kontrakta for skulelokala til Bygdøyskulen går ut i 1978. Då kan regjeringa seia: "No har de valet mellom å gå inn i DH-systemet eller å bli ståande på gata".

Snikinnføringa av den nye utdanninga ser vi alt idag. Oppretting av slik utdanning innafor DH-systemet og at sosialskulane blir forsøkt lagt inn under dei regionale styra før dette er offisiell politikk frå Stortinget, er to døme på dette.

Ta lærdom av **FORVERNSENTERSAKA.**

Nedlegginga av Statens Forvernsenter viser korleis regjeringa går fram. Både dei tilsette sine interesser og dei som brukar institusjonen er omsynsløst sett til side og trakka på.

Vi har mykje å læra av dette, både om helse og sosialpolitikken til regjeringa og av den kampen dei tilsette ved Forvernsenteret reist.

DET BLIR SPREIDD FORVIRRING

om at meldinga ikkje gjev svar på kva planar staten har. Difor må vi krevja svar og elles venta og sjå kva dette blir.

Norges Kommunistiske Studentforbund meiner at meldinga gjev eit klart svar.

For dei første seier meldinga på side 50 at utdanninga av helse- og sosialpersonell skal "inngå i det regionale høgskolesystem og høre til det regionale høgskolestyres ansvarsområde".

For dei andre skal den nye utdanninga byggja på "intensjonane i Bjørnsonkomiteen". Berre på spørsmålet om emneblokker og vektta, der motstanden har vore spesielt sterk, har DNA-regjeringa blitt tvunga til å ta eit steg attende. Men også her står dei "intensjonane" og kjem med framlegg om "tilvalsfag" dvs. omskoleringskurs i tillegg til grunnutdanninga.

Meldinga er Blanco-fullmakt til regjeringa.

Konsekvensen av "vi vil vita meir" -line no er for virring og passivitet. Det spreier illusjonar om at regjeringa ikkje veit kva ho vil, at "kanskje har staten endra planar". Vi veit dessutan at vi gjerne kan krevja svar til det nye skulesystemet er innført utan å "få svar". Det mest passive og ufårlege vi kan gjera no

er å nøya oss med å "krevja svar". Medan misser vi verdfull tid til den avgjerande mobiliseringa på skulane og utafør skulane, mot det klare svaret, mot Blanco-fullmakta som meldinga gjev departementet.

Er kampen mot meldinga først og fremst eit spørsmål om "å påverka mellompartia og Høgre på Stortinget"?

Denne lina blir fremja i "Ny Tid" nr 33 i år: "Hvis Høyre bare hadde tatt et klart standpunkt for egne fagskoler, så hadde det vært flertall for dette" seier Eline Thornquist.

I leiinga for Fellesrådet for Sosialskulestudentar, har leiande SV-arar med formannen Erik Kjelstadli i brodden vore mot aksjonar og underskriftkampanje no i haust. Kva som ligg bak dette kjem fram i "Aksjonsplanen" som sentralstyret i FR sende ut rett etter eit møte med deltakarar frå alle skulane:

"Vi vet foreløpig ikke når meldinga skal behandles i Stortinget, men det er likevel nødvendig å starte arbeidet nå. Det er naturlig å delarbeidet i ulike faser, og vi må fortløpende kunne tilpasse våre aksjoner etter de tidspunktene som blir fastsatt for behandling av meldinga".

"Å påverka partia i Stortinget" er her gjort til utgangspunkt og hovudsak. Massemobiliseringa på sosialskulane og dei andre skulane som blir ramma, og mobilisering av støtte utafør, spesielt frå helse- og sosialarbeidarar, er her blitt heilt underordna.

No skal vi byrja å overtala stortingsgruppene med gode argument (motmeldinga som SV meiner vil avgjera det heile) og så skal vi ha ei "verdige markering" når saka kjem opp i Stortinget.

I "Ny Tid" blir det jamvel sagt at vi kan rekna med støtte frå "mellompartia".

All røynsle seier at dette vil føra til nederlag om vi legg opp ei slik line, om vi lit på lovnader frå Stortinget. Vi må ikkje gløyma at vi her ser andsynes dei som utan å blunka har skore ned budsjetta til helse- og sosialsektoren og som truleg vil støtta DNA-regjeringa si line for nedlegging av Statens Forvernsenter.

Vi må først og fremst gå i brodden for å reisa kampen gjennom underskriftkampanje, streike- og aksjonsdagar, demonstrasjonar og gjennom å gå ut og samla støtte innafor helse- og sosialsektoren og andre grupper.

Vi må byrja kampen no - og vi må trappa opp utover våren. Det er denne kampen som vi sjølv reiser som vil avgjera om vi skal vinna fram med dei rettferdige krava våre.

**NEI TIL NEDLEGGING AV SOSIALSKULANE, VERNEPLEIESKULANE, FYSIOTERAPI, ERGOTERAPI OG MENSENDICK SOM SJØLVSTENDIGE SKULAR OG SKULESLAG!
NEI TIL INNLEMMING I DET NYE DISTRIKTSHØGSKULESYSTEMET!
AVVIS HEILE STORTINGSMELDING NR 13 . TREKK MELDINGA ATTENDE!
SLUTT OPP OM STREIKE OG AKSJONSDAGANE!**